

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I GULEN KOMMUNE.

1. Eigar av skulefritidsordningane ved skulane er Gulen kommune.
Ordningane skal drivast i samsvar med Lov om opplæring, med tilhøyrande forskrifter.
2. Opptak av born vert gjort av rektor.
Vedtak gjort av rektor kan påklagast. Underinstans i klagesaker er Hovudutval for undervisning, eller det kommunale organ som er ansvarleg for skulesaker.
3. Opptakskriterier.
Det kan søkast om plass for alle barn i 1. – 4. klasse, 1. - 7. klasse for barn som etter sakkynndig vurdering har nytte av opphaldet.
Dersom det er fleire søkjarar enn det er plass til, skal følgjande prioriteringar gjerast:
 - a) born med særlege vanskar, der det ligg føre sakkunnig vurdering og tilråding, har førerett
 - b) det skal takast omsyn til sosiale tilhøve i familien
 - c) yngre barn får plass føre eldre barn
 - d) søkjarar til lengre opphaldstid går føre søkjarar til kortare opphaldstidDersom det er ledig kapasitet, kan barn i 5. – 7. klasse få tilbod om plass.
4. Opptaksperiode og oppseiing.
Hovudinntaket skjer om våren, og gjeld for kommande skuleår.
Det kan elles takast opp barn gjennom heile året, dersom det er ledig kapasitet. Inntak i skuleåret gjeld ut skuleåret, om ikkje anna er nemnt i vedtaket.
Oppseiing av plass – eller av delar av plass – i skuleåret, skal gjerast skriftleg, og med minst 1 månads varsel. Oppseiinga skal sendast skulen.
Dersom det er ledig kapasitet, kan det kjøpast tilfeldig plass. Dette må avtalast for kvart opphald, og må omfatte heile den aktuelle tidsbolken, j.fr. pkt. 7 d)
5. Foreldrebetaling.
Satsar for foreldrebetaling vert vedteke av kommunestyret, og kan endrast pr. 01.01., i samband med budsjettvedtak.
6. Leike- og opphaldsareal.
SFO skal ha eit eige basisareal. Dette arealet kan disponerast til anna bruk utanom opningstidene, etter avtale med rektor.
I tillegg skal SFO nytte klasserom for småskuletrinnet, og skulen sine spesialrom.
Kvar SFO skal ha godkjenning for eit fastsett areal. Rettleiande arealnorm vert sett til 4 m² pr. barn
7. Opningstid og opphaldstid
 - a) SFO er til vanleg open alle skuledagar. Dersom minst 4 barn har behov for det, er SFO open også i skuleferiar/ på skulefrie dagar.
 - b) Dagleg opningstid er kl. 07.30 – 16.00. Samarbeidsutvalet kan vedta andre opningstider innafor tildelte bemanningsressursar, evt. i samarbeid med barnehage.

- c) Dersom det er færre enn 4 barn tilmeldt SFO i ein tidsbolc innafor opningstida eller på skulefrie dagar, vert tilbodet gitt i næraste barnehage, dersom der er ledig kapasitet. Elles vert det ikkje gjeve tilbod.
- d) Opphaldstid pr. dag kan avtalast for ein eller fleire av følgjande tidsbolkar:
 - Før skuletid
 - Frå skulestart til langfriminutt
 - Frå langfriminutt til skuleslutt
 - Etter skuletid.

Samarbeidsutvalet kan vedta andre inndelingar.
Minste opphaldstid pr. veke er 2 timar.

8. Bemanning og leing.

Rektor ved skulen er administrativ og fagleg ansvarleg, j. fr. Opplæringslova § 13 – 7.
Kvar SFO skal i tillegg ha ein dagleg ansvarleg.
Norm for bemanning vert sett til 11 barn pr. vaksen.